



Kunngjering 30.10.14

Dialogkonferanse om cruiseturisme vert utsett.

Kva: Dialogkonferanse med tema Cruiseturisme

Kor: Fretheim Hotell, Flåm.

Når: Fredag 7. november kl. 09.00-16.00

Kven: Nærøyfjorden Verdsarvpark

Nærøyfjorden Verdsarvpark sin bebuda dialogkonferanse neste fredag 7. november vert utsett til ut på nyåret.

Grunnen til dette er den ekstreme situasjonen i bygdene som er råka av flomkatastrofen.

«Vi ynskjer å få det breie lag av folket i tale ved hjelp av denne konferansen. Vi kan ikkje forvente at bygdefolket er klar for å engasjere seg breidt i desse problemstillingane så kort tid etter ein skakande flomkatastrofe», seier dagleg leiar i Verdsarvparken Erling Oppheim.

Nytt tidspunkt for dialogkonferansen vil ein koma attende til.

Ved spørsmål ta kontakt med:

Erling Oppheim

E-post: erling@naroyfjorden.no

Tlf: 95172595

Nærøyfjorden Verdsarvpark

Som stifting og regional park inkluderer Nærøyfjorden Verdsarvpark område, aktørar og produkt i fjordnorge som aktivt har valt verdsarven som verdiplattform.

Kjerneområdet er Nærøyfjorden

Verdsarvområde, det særlegaste av dei to områda innskrivne som Vestnorsk Fjordlandskap på

Verdsarvlista - UNESCO si liste over kultur- og naturarv av eineståande verdi.

Verdsarvparken femner om heile Aurland kommune, samt delar av Vik, Voss og Lærdal kommunar.

Regionalpark

Nærøyfjorden Verdsarvpark er den første norske utgåva av eit kjent europeisk konsept kalla regionalpark, www.regionalpark.no.

Kunngjering 30.10.14

